

Europaparlamentet drøftar Kommisjonenens strategi for Vest-Balkan

13. februar 2018

- *Europakommisjonen ynskjer tett samarbeid med landa på Vest-Balkan, seier EU-medlemskap er eit realistisk mål for alle landa og kanskje alt mogleg i 2025 for Montenegro og Serbia*
- *Europaparlamentet positivt til samarbeid med og utviding mot Vest-Balkan, men både Kommisjonen og Parlamentet understrekar behovet for reformer og for å løyse bilaterale konflikhtar – landa sjølv må ta ansvar for å kvalifisere seg for medlemskap*
- *Parlamentet hadde denne veka ein eigen debatt om rettsstatsutviklinga i Romania. Utviklinga i ein del av dei nyaste EU-landa illustrer for mange behovet for reformer for EU-medlemskap er aktuelt for nye land.*
- *I ein tale om EUs framtid la den kroatisk statsministeren vekt dei positive resultatet landet har oppnådd etter freden i 1995, men det vart lagt merke til at han ikkje kommenterte grensestriden med Slovenia.*

Europakommisjonen la denne veka fram ei [melding om Vest-Balkan](#) med tittelen «A credible enlargement perspective for and enhanced EU engagement with the Western Balkans», jf. også Kommisjonenens [pressemelding om meldinga](#). Kommisjonen ynskjer tettare samarbeid med landa på Vest-Balkan, men viser også til stort behov for reformer og for å betre det bilaterale tilhøvet mellom mange av landa i regionen. Kommisjonen seier det er reelle sjansar for EU-medlemskap for dei landa som ynskjer det, men at dette vil skje med bakgrunn i konkrete oppnådde resultat i dei aktuelle landa. Det er ingen snarveg inn i EU og det er opp til landa sjølve å ta dei grep som er nødvendige for å kvalifisere seg til medlemskap. Kommisjonen seier det er dei to landa som har kome lengst i sitt reformarbeid, Montenegro og Serbia, kan bli med i EU alt i 2025. Strategien viser samstundes både til behovet for å gjere EU sterkare før det blir større og til behovet for å få på plass eit meir effektivt system for å handtere brot på rettsstatsprinsipp.

Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker presenterte strategien i Europaparlamentet tysdag 6. februar. Kommissær for utviding av EU og EUs naboskapspolitikk, Johannes Hahn deltok også i debatten. Han sa EU-landa og landa på Vest-Balkan har ei felles historie og ei felles framtid. Ikkje minst viste migrasjonskrisa behov for felles løysingar. Han sa landa må ta tak i utfordringar knytt til grunnleggjande rettar, rettsstat, korrupsjon og organisert kriminalitet. Det er også viktig å fortsette forsoningsprosessar og gjennomføre økonomiske reformer. Det er lagt opp til at EUs stats- og regjeringsjefar skal gje si støtte til strategien på toppmøtet i juni.

Same dag heldt også den kroatisk statsministeren Andrej Plankovic ei tale om EUs framtid etterfølgt av ein debatt. Plankovic er tidlegare medlem av Europaparlamentet og tala tok utgangspunkt i den positive utviklinga Kroatia hadde opplevd etter krigen som slutta i 1995. Han la også vekt på Kroatias stolte historie og mange kulturminne som mellom anna gir grunnlag for ein stor turistsektor. Han viste til økonomisk vekst, EU- og NATO-medlemskap

som døme på tydelege resultat etter krigen. I den samanheng uttrykte han mellom anna støtte til EUs nye forsvarssamarbeid, PESCO, og sa eit tett sikkerheitspolitisk samarbeid mellom EU og NATO er positivt. Han viste til behovet for samarbeid for å løse migrasjonskrisa og sa seg lei for at det er innført intern grensekontroll mellom EU-land som er innanfor og utanfor Schengen. Landet ynskjer å bli med i Schengen-samarbeidet og støtter også bulgarsk og rumensk medlemskap. Kroatia er delt i to av ei stripe land som sikrar Bosnia havtilgang. Denne landstripa er ei av utfordringane for kroatisk medlemskap i Schengen.

Samstundes vart det lagt merke til at han ikkje kommenterte den maritime grensetvisten med Slovenia. Da landet gjekk inn i EU, lova Kroatia og Slovenia å overlate til domstolen i Haag å avgjere tvisten. Plankovic gjekk ut av denne prosessen i fjor etter å ha vist til tekniske problem. Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker sa [grensekonflikten mellom Slovenia og Kroatia må løysast](#) og at det er opp til dei to landa å finne ei løysing. Han understreka generelt det at bilaterale konflikter mellom land på Vest-Balkan må løysast før det er aktuelt med EU-medlemskap. Namnestriden mellom Hellas og Makedonia, Kosovo som ikkje alle EU-land har anerkjent som eige land, og dei interne konfliktane i Bosnia-Hersegovina er døme på andre hindringar for EU-utviding i regionen.

I debattane uttrykte dei største gruppene generell støtte til Kommisjonen Vest-Balkan-strategi. Det vart vist til at med bulgarsk EU-formannskap i vår og rumensk formannskap våren 2019, ligg det til rette for ei positiv utvikling i samarbeidet. Mellom anna er Bulgaria vertskap for eit Balkan-toppmøte seinare i vår. Sentrum-høgre gruppa (EPP) uttrykte klar støtte til at EU bidrar med pengar til infrastrukturinvesteringar på Vest-Balkan. Det vil på sikt vere ei langt dyrare løysing å ikkje hjelpe regionen enn å hjelpe den vart det sagt. Parti på ytre høgresida omtalte den nye strategien om imperialisme og nykolonialisme og sa korkje befolkninga i desse landa eller i EU-landa ynskjer at dei skal bli med i EU. EU kan ha eit godt tilhøve til desse landa utan EU-medlemskap vart det framheva. EPP sa også EU må finne andre samarbeidsformer med Tyrkia enn EU-medlemskap.

Medan mange er samde med EPP i at tyrkisk EU-medlemskap ikkje er sannsynleg eller ynskeleg, er det fleire som meiner landa på Vest-Balkan har ein naturleg plass i EU. Det vart framheva at dette også vil bidra til stabilitet og sikkerheit i heile Europa. Samstundes er det nok mange som er skeptiske til utviding med landa på Vest-Balkan på kort sikt. Europaparlamentet har den seinare tida hatt debattar om negativ utvikling i rettsstatssituasjonen i fleire EU-land. Dette omfattar både Malta, Polen og Ungarn og denne veka også ein eigen [debatt om Romania](#). Mange av gruppene i Europaparlamentet har vore og er forsiktige med å kritisere regjeringar frå eigen politisk familie. Likevel er det nok mange som ser at det kan påverke EU-samarbeidet negativt om ein tek inn nye land som ikkje har orden i eige hus. Utfordringa er å finne ein balanse mellom gulrot (positivt reformarbeid) og pisk (forsinka medlemskap).

Kommentar

Jamvel om Kommisjonen har ein positiv bodskap om at alle landa på Vest-Balkan kan bli EU-medlemmar, er entusiasmen for nye utvidingar meir avgrensa blant EU-landa. Den var heller ikkje overveldande blant innlegga i debattane denne veka. Dei fleste ynskjer

samarbeid, men medlemskap ligg lengre framme. Dette heng både saman med mange uløyste utfordringar internt i EU og at erfaringane med ein del av dei siste utvidingane er blanda. Mange ser nok behovet for intern konsolidering før nye utvidingar er aktuelt og behov for system som sikrar at land som blir medlem ikkje har ei negativ utvikling etterpå.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no